



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201302511	24.04.2013	26697/2013/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	24.06.2013

Halsa kommune - Engdalselva kraftverk - søknad om konsesjon etter vassressurslova - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Konsesjonen berører dalføret Engdal som er ei naturleg forlenging av gardsbruka som ligg nærare fjorden. Arkeologiske undersøkingar i samband med E39 har avdekket busetnad i bygda frå både eldre og yngre jernalder. Det er naturleg å sjå dalføret sørover frå bygda som ein naturleg forlenging av gardane og som eit område ein har hausta og utnytta utmarksressursar i. Eit nyare døme på dette er stølsområdet i dalen. Kor langt bak i tid ein må før ein finn etablering av stølsområde er vanskeleg å seie, men vi har fleire døme i fylket på at det kan strekke seg bak i førhistorisk tid. Dalføret har klart potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, og da særleg spor etter utnytting av utmarksressursar i området. Vi krev difor at det vert gjennomført arkeologiske undersøkingar, jf. lov om kulturminne § 9, i samband med konsesjonssøknaden. Jf. kml § 10 er det tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Registreringa let seg gjennomføre innanfor rammene av ei veke med to feltarkeologar. Vi har følgjande kostnadsoverslag:

2 vekeverk feltarbeid à 30.000,-	60.000,-
3 dagsverk etterarbeid à 3.000,-	9.000,-
<u>1 14C-prøve à 4.000,-</u>	<u>4.000,-</u>
Sum	73.000,-

Søkjjar lyt ta nærare kontakt med kulturvernavingdelinga når det gjeld bestilling og gjennomføring av feltarbeidet.

Vi krev at det vert sett som vilkår at §9-undersøkinga er gjort før konsesjon vert gjeve. Vi kan ikkje uttale oss endeleg til konsesjonssøknaden før registreringa er gjennomført.

Friluftsliv

Engdalen er ein inngangsport, om ikkje mykje nytta, til større naturområde med ein viss regional verdi for friluftslivet. Det omsøkte tiltaket er avgrensa i utrekning og omfang, og vil ikkje påverke desse verdiane i vesentleg grad.

Konklusjon

Vi stiller krav om arkeologisk registrering i området før det vert gjennomført inngrep. Utover dette har vi ikkje merknader til at det vert gitt konsesjon.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Trond Eilev Linge, tlf. 71 25 88 40
(Linge går ut i permisjon og det kan takast kontakt med andre i kulturavdelinga)

Kopi:
Halsa kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her